



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/849-13

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	03.12.2025	87/25
Kommunestyre	11.12.2025	68/25

Svar på høyring av førespurnad om å legge ned Laugevatn dam

Saksframlegg godkjent 27.10.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Vedlegg

- 1 5679589_1_1.PDF
- 2 BEVAR LAUGVATN.pdf
- 3 5624452_1_1.PDF
- 4 5624449_1_1.PDF
- 5 5624450_1_1.PDF

Bakgrunn for saka

Styret i VTK har vedteke å starte ein prosess for å legge ned Laugevatn dam og har søkt NVE om å klarlegge om dette er konsesjonspliktig – altså om VTK må ha løyve frå NVE for å legge den ned, dvs i praksis å fjerne dammen.

Grunngjevinga er at dammen ikkje lenger er til nytte for sitt opphavlege bruk, og då skal slike vassdragsanlegg fjernast og vassdraget attendeførast til naturleg tilstand – jf vassressurslova §41:

§ 41.(adgangen til å nedlegge vassdragsanlegg)

Hvis eieren av et vassdragsanlegg ikke lenger vil holde anlegget ved like, skal anlegget fjernes og vassdraget så langt som mulig tilbakeføres til forholdene slik de var før anlegget ble bygd. Før en nedlegging skal eieren gi alle interesserte underretning god tid i forveien.

Hvis nedlegging kan føre til påtakelig skade eller ulempe for allmenne interesser, kreves konsesjon etter § 8. Konsesjon skal gis om ikke særlige grunner taler imot. Vassdragsmyndigheten kan sette vilkår i konsesjonen etter reglene i § 26.

Vassdragsmyndigheten kan gi konsesjon til at nedlegging skjer på annen måte enn nevnt i første ledd, hvis det ikke vil medføre noen økt fare eller skade.

NVE har sendt søknaden på høyring til kommunen, statsforvaltaren og Telemark fylkeskommune med høyringsfrist 20.10.25 – etter søknad frå kommunen utsett til 20.nov.

NVE ber særleg om innspel til om ålmenne interesser vert skadelidande (friluftsliv m.m.) og om kulturminnevernet har merknad til fjerning.

Saksutgreiing

Søknaden frå VTK ligg som vedlegg 5. Her finn det kor dammen er, gode bilete og argumentasjonen for å legge ned og fjerne dammen, og føre vassdraget attende til naturleg tilstand.

Då denne saka starta i 2013 var dammen sett i konsekvensklasse 2 på bakgrunn av ei viss fare for nedstraums eigedomar om dammen skulle breste.

På bakgrunn av ny dokumentasjon som VTK la fram, gjorde NVE den 14.10.25 om sitt tidlegare vedtak om konsekvensklasse 2 og sette klasse 0 på dammen.

Dammen er frå tidleg 1900-talet – meir enn 100 år gamal, og fekk ein oppgradering i 1985. Den vart bygd for å skaffe jamn vassføring i Lårdalsåi til kraftproduksjonen der og er ein del av den gamle industrihistoria i Lårdal.

Oppgraderinga av dammen i 1985 vart gjort for å sikre jamt tilsig av friskt vatn til laksesmoltproduksjonen i dei gamle lokala etter Lårdal ullspinneri.

Konsekvensklasse 0 inneber ingen fare om dammen skulle breste, og det er då heller ingen krav om tilsyn eller utbetringar av dammen. Det er såleis ingen kostnadar med å la dammen stå slik den står, men det er framleis eit vassdragsinngrep som dameigar er ansvarleg for.

Fjerning av dammen vil senke vasstanden i Laugevatn med om lag 1,4 m.

Av ålmenne interesser som særleg vil bli råka av om vasstanden senkast kan nemnast bading. Etter kraftutbygginga av Tokke/Vinje-vassdraget vart Bandak monaleg kaldare om sumaren og Laugevatn vart viktigare som badeplass. Lårdal Vel har lagt ut flytebrygge og sett ut benkar. Ved senking av vasstanden vil gjørmebotnen koma tydelegare fram og plassen vil i monaleg grad miste sin verdi som badeplass.

Fisking finn også stad i eit visst omfang, og vil truleg bli skadelidande – i alle fall ein periode, og dette vil nok statsforvaltaren sei noko om i si fråsegn til søknaden.

Kulturminnevernet i fylket vil truleg sei noko om kulturverdiane ved dammen.

Å senke vasstanden vil også gje eit sår i landskapet i nokre år før strandsona gror til att.

Kommunen heldt eit folkemøte på saka i Lårdal den 14.10, og det har kome innspel frå Magnus Prøven (vedlegg 2). Det synest som eit eintydig ynskje frå innbyggjarane som har engasjert at dammen må bli ståande.

Konklusjon

Då ålmenne interesser tilseier at vassdraget og dei som bur i området har tilpassa seg den vasstand som no er samt at det inneber små eller ingen kostnader å la dammen stå slik den er, tilrår kommunedirektøren at kommunestyret gjev slik høyringssvar:

Kommunedirektørens tilråding

Ei fjerning av Laugevatn dam og senking av vasstanden i Laugevatn med om lag 1,4 m vil vere negativt for friluftsiinteresser og turisme i området – særleg bading. Dammen er også ein del av industri- og lokalhistoria i kommunen, og særleg for bygda Lårdal. Då kostnadane med at dammen blir ståande er små tilrår Tokke kommunestyre at dammen blir ståande.

Formannskap si handsaming av sak 87/2025 i møtet den 03.12.2025

Røysting

VOTERINGAR

Kommunedirektøren si tilråding	SamrøystesVedteke
--------------------------------	-------------------

Vedtak

Ei fjerning av Laugevatn dam og senking av vasstanden i Laugevatn med om lag 1,4 m vil vere negativt for friluftsiinteresser og turisme i området – særleg bading. Dammen er også ein del av industri- og lokalhistoria i kommunen, og særleg for bygda Lårdal. Då kostnadane med at dammen blir ståande er små tilrår Tokke kommunestyre at dammen blir ståande.

Kommunestyre si handsaming av sak 68/2025 i møtet den 11.12.2025

Røysting

Framlegg frå G. A. Djuve (Sp)
Forslag til endra tekst ,siste setning i komm.direktørens tilråding: «Då kostnadane ved at dammen vert ståande er små, tilrår Tokke kommunestyre at det ikkje vert gjeve løyve til riving. Ansvar og eigeforhold til dammen bør fortsette som nå, med Vest Telemark Kraftlag AS som den profesjonelle aktøren.»

Framlegg frå G. A. Djuve (Sp)	
FOR 21	MOT 0

Formannskapet si tilråding	
FOR 21	MOT 0

Vedtak

Ei fjerning av Laugevatn dam og senking av vasstanden i Laugevatn med om lag 1,4 m vil vere negativt for friluftsinnteresser og turisme i området – særleg bading.

Dammen er også ein del av industri- og lokalhistoria i kommunen, og særleg for bygda Lårdal.

Då kostnadane ved at dammen vert ståande er små, tilrår Tokke kommunestyre at det ikkje vert gjeve løyve til riving. Ansvar og eigeforhold til dammen bør fortsette som nå, med Vest Telemark Kraftlag AS som den profesjonelle aktøren.
